



Torbjørn Røe Isaksen
Audun Lysbakken
Trond Giske
Iselin Nybø

Dato: 26.06.2015
Vår ref.: 2014/560-179
Saksbehandlar: ingtakl
Dykkar ref.: «REF»

Deltaking på nettverkssamling 21.-22. november 2015

Ungdommens fylkesutval i Hordaland er ungdommen sitt medverknadsorgan på fylkesnivå. Utvalet vert vald på Ungdommens fylkesting kvart år, som og vedtek Ungdommens planprogram som utvalet skal jobbe etter i året dei er vald.

Ungdommens fylkesutval har ein samling i året for dei kommunale ungdomsråda slik at dei kan knyte nettverk med dei andre ungdomsråda, for å få innspel til neste års Ungdommens planprogram og for å ta opp ulike faglege områdar.

I år har Ungdommens fylkesutval vald å ha fokus på utdanning og særskilt overgangen mellom ungdomskule og vidaregåande skule. I samband med det ønskjer Ungdommens fylkesutval å invitere dykk til å holde eit innlegg på nettverkssamlinga om temaet, samt å få innspel frå dei ungdomane som er der. Da har de moglegheit til å få tilbakemelding frå ungdom som representerar kommunane i Hordaland.

Samlinga er 21.-22. november, og vi er fleksibel med tanke på når de ønskjer å kome. Vi ser fram i mot å høyre frå dykk.

Agnes Hoshovde Bernes
Leiar
Ungdommens fylkesutval

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.